Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 — Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Krødsherad

Emne: Julenissen — Bygdelag: Øvrebygda

Oppskr. av: Truls G. Oppen — Gard: Oppen

(adresse): Flattum, Vikersund — G.nr. 221 Br.nr. 1-2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Merket eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Det er fyrst i seinare tid ein er kjent med at julenissen deler ut julegaver. Eg vil tru at dei har fått kjennskap til dette gjennom julekort, julehefte, reklame o.s.v.

Det er fyrst i dei seinste 10 åra at det er blitt vanleg med julenisse, som deler ut gaver, helst godter, til barna på juletrefestar.

No til dags kjem nissen ~~med gaver~~ i heimane med gaver til barna.

2) Som nemnt er det helst godter julenissen deler ut på festar, men i heimane andre gaver; leiketøy, skjerf, votter, eller andre ting, som kan vera til nytte.

For ei 60 år sea vart nissen mindre umtala i jula. Ein hørte nok om at han heldt til i uthusa, i stall og låve, og at han drog til husa. På Redalsskogen var det 2 nissar som eingong rauk i slagsmål. Dei måttest med kvar si fjasbål. Um morgonen ledde det etter barkskoget. Høyet låg strøydd vidt utover.

Det var jolegeita ein hørte mest om då, og nåde den som ikkje hadde eit nytt plagg på seg då! Elles kunne ho og gjerde sine ting på ein.

5124

I min barndom fekk me stått nye langskiørlaga vinteren; men me fekk ikkje ha dei på før jule-eftan. Når far sette opp julebandet, trakk me skiolane på, etter først å ha hatt ei laug, og da var det jul.

Når julenissen kjem med gavene, har han det travelt. Han har ikkje tid til og vente, da han skal mange stader.

3) Julenissen skal helst vera liten. Ofte er det kvindfolk som kler seg ut.

4) Han har gjerne maske, med kvitt skjegg, kne-butse og trøye og raud toppluve.

5) No til dags brukar dei helst kjøpe maske; men er ikkje slikt å få til kjøps, må dei laga deim sjølve, gjerne av never, med granlav til skjegg.

6) Dei brukar som oftast julenisse maske når dei går julebukk.

7) Har ikkje hørt om at julebukkar deler ut ga-ver

8) Det vart fortalt om nissen som fekk graut på loven julekvelden, so det er vel helst han som kjem med julegavene, meinar barna.

9) Ukjent.

5124
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING